



Statens vegvesen

Referat

Dato: 11.03.2022

Tid: 1200 –1400

Referent: Nils Inge Romarheim

Saksbehandler: Nils Inge Romarheim

Tlf. saksbeh. 906 59 309

Vår dato: 17.03.2022

Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Møtenr:	2-2022
Stad:	Teams
Møteleiar:	Tore Johan Øvstebø
Til stades:	<u>Styringsgruppe:</u> Tore Johan Øvstebø, Anders Riise, Ole Kristian Birkeland (Vara for Ove Nesje), Cathrine Helle-Tautra (Vara for Kjetil Strand). <u>Sekretariatet:</u> Liv Kjersti Finholt, Torbjørn Vatnehol, Sunniva Ullavik Erstad, Nils Inge Romarheim. <u>Andre:</u> Marius Maske, Kjetil Sporsem, Arild Fuglseth, Jøran Mentzoni Eilertsen, Marit Krekvik, Miroslav Vasilev.
Forfall:	Ove Nesje, Kjetil Strand, Kristin Sørheim, Eva Vinje Aurdal, Øystein Tvedt.
Kopi til:	Carl Johansen, Vebjørn Krogsæter.

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
1	<u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa.</u> Tore Johan Øvstebø innleia møtet. Ein vil om kort tid gå i gang med skogrydding på E136 Breivika – Lerstad, og om to til tre veker startar ein med gravearbeid. Bypakka vil då ha ei markering på staden der medlemmer av styringsgruppa vert invitert for å delta. Det har i media kome fram kritikk frå Vy mot planlegginga av kollektivknutepunktet i sentrum. Kommunen og fylkeskommunen orienterer mot slutten av møtet.	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
2	<p><u>Orientering om takstvedtak for Bypakke Ålesund.</u></p> <p>Marius Maske frå Vegamot orienterte om takstvedtaket for Bypakke Ålesund.</p> <p>Vegdirektoratet har vedtatt takstar for bypakka i tråd med det som ligg i bompengeproposisjonen. Takstvedtaket skal annonserast av Vegamot seinast fire til seks veker før gjennomføring.</p> <p>Styringsgruppa tar saka til orientering.</p>	
3	<p><u>Innkrevingsstart for bomstasjonar.</u></p> <p>Nils Inge Romarheim orienterte om innkrevingsstart for bypakka. Arbeidet med bomstasjonane er litt forsinka, men dei vert ferdigstilte i løpet av sommaren. Ein kan då starte med innkreving i august. Sekretariatet rår til at innkrevingsstart vert sett i samanheng med at fleire kollektivtiltak vert ferdigstilt og igangsett 22. august. Dette kan gje større varig overgang av passasjerar til kollektivtrafikken.</p> <p>Ein har vurdert økonomien i pakka med ein oppstart 22. august. Med dei føresetnadene som ligg til grunn i dag, er vi med gjeldande framdriftsplan innanfor kravet til maksimalt låneopptak for bompengeselskapet.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtek at innkreving av bompengar for Bypakke Ålesund vert sett i verk 22. august 2022.</p>	
4	<p><u>Kommunikasjonsstrategi for Bypakke Ålesund.</u></p> <p>Sunniva Ullavik Erstad la fram forslag til kommunikasjonsstrategi for Bypakke Ålesund.</p> <p>Kommunikasjonsstrategien er eit overordna dokument som tek for seg dei generelle måla og prinsippa for kommunikasjonsarbeidet. Basert på kommunikasjonsstrategien skal det kvart år lagast ein tilhøyrande kommunikasjonsplan som tek for seg kva kommunikasjonstiltak ein skal gjennomføre.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>Fylkeskommunen ønskjer at bypakka skal vere til stades på fleire sosiale media, og føreslo eigen Instagramkonto og at ein løpande vurderer andre sosiale media som til dømes Snapchat og Twitter.</p> <p><u>Vedtak:</u> Under punkt 5 i kommunikasjonsstrategien vert siste setning under tema «Sosiale media» erstatta av: «Vi skal vidare vere på Instagram innan oppstart av innkrevjing bompengar. Andre sosiale medium som for eksempel Snapchat og Twitter vert vurdert løpande.»</p> <p>Styringsgruppa vedtek ny kommunikasjonsstrategi for Bypakke Ålesund, som skal gjelde for perioden 2022 – 2025. Kommunikasjonsstrategien kan reviderast etter behov gjennom behandling i styringsgruppa.</p>	
5	<p><u>Oppstartsvedtak Snuplass Slinningen.</u></p> <p>Jøran Mentzoni Eilertsen la fram saken. Kollektivprosjektet Snuplass Slinningen ligg inne i vedtatt budsjett for 2022. Prosjektbestilling med kostnadsoverslag vert lagt fram for styringsgruppa slik at styringsgruppa kan ta stilling til oppstart. Prosjektet har ei styringsramme på 4,5 mill. kroner.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtek at prosjekt 732 Snuplass Slinningen, kan starte opp i 2022. Prosjekteigar og byggherre er Ålesund kommune, og styringsramma for prosjektet er på 4,5 mill. 2022-kroner.</p>	
6	<p><u>Årsrapport 2021.</u></p> <p>Nils Inge Romarheim la fram årsrapporten og rekneskapen for 2021.</p> <p>Året som har gått har i stor grad vore prega av at bypakka er i oppstartsfasen, der storparten av aktiviteten har vore klargjering av prosjekt for oppstart. Ein har likevel hatt byggestart på tre strakstiltak i løpet av året, og eitt av desse tiltaka vart ferdigstilt i 2021.</p> <p>Rekneskapen for 2021 viste eit forbruk på 19,1 mill. kroner, som var omtrent på budsjettet på 19,3 mill. kroner. Ser ein på</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>enkeltprosjekt og fordelinga mellom partane, er det likevel avvik frå budsjett. Avvika skuldast dels at nokre prosjekt har blitt litt forsinka i oppstarten, og dels at andre har blitt prioritert i samsvar med utbyggingsplanen vedtatt i august i 2021.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtek årsrapport for Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Årsrapport for 2021.</p> <p>Styringsgruppa vedtek rekneskapen for Bypakke Ålesund slik den går fram av dokumentet Bypakke Ålesund – Rekneskap for 2021.</p>	
7	<p><u>Oppslag om planlegging av kollektivknutepunktet i sentrum.</u></p> <p>Det har gjennom oppslag i media kome kritikk frå Vy om at ein i planlegginga av kollektivknutepunktet i sentrum ikkje har lytta nok til busselskap og sjåførar og tatt omsyn til deira erfaring. Dei meiner det er behov for eit tredje felt for forbikøyring.</p> <p>Kommunen har gjennomført eit forprosjekt for kollektivknutepunktet, medan fylkeskommunen skal stå for prosjekteringa. Vy har vore involvert i prosessen med medverking og deltaking på møter. Ein vil fortsette dialogen med Vy.</p> <p>I konseptet for kollektivknutepunktet er det lagt opp til to felt og at ingen bussar skal køyre forbi kvarandre i den delen som ligg i Keiser Wilhelmsgt. Dette handlar om universell utforming.</p> <p>Ein har kontakt med fagekspertise og har sett på statistikk for avgangar og stopptid, slik at ein skal velje ei løysing som ein er trygg på vil fungere godt over tid.</p>	
8	<p><u>Eventuelt.</u></p> <p>Nytt møte i styringsgruppa vart fastsett til 7. april kl. 08–10.</p> <p>På neste møte i styringsgruppa vil Statens vegvesen orientere styringsgruppa om status for E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset og resultatata frå trafikkanalysen som er gjort for sentrum.</p>	